klatrepyramide til dei eldste elevane ved skulen. Ikkje alle likar å halde på med ballspel, og ein ynskjer alternativ aktivitet. Fysisk aktivitet er viktig og Øyra skule ynskjer å legge til rette for dette. SU/SMU meiner dette er ei sers viktig sak, spesielt dersom « jungelen» ikkje vert verande i framtida.

8. Rektor informerte om at det er sendt søknad frå ein føresatt om midlar til volleyballnett og volleyballar som passar for små elevar. I tillegg støtte til instruktør.
9. Kommunal representant kom med ei sak under ymse. Ho stilte spørsmål om strøing av sand rundt skulen når det er glatt. Det er ikkje dei tilsette ved skulen sitt ansvar og vi ynskjer å ta denne saka vidare til eigedom og spørje om rutinar rundt strøing på glatt underlag ved offentlige bygg.

Referent
Else Lill Riise

VOLDA KOMMUNE
FOLKESTAD SKULE
6120 Folkestad tel: 70059620
rektor.folkestad@voldaskulen.no



Folkestad, 23.november 2018

**Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 22.november 2018**

Desse møtte: Hege Helland, Eva Solvang Brune (foreldrerepr.), Thomas Busker Larsen, Camilla Sjåstad Kongsvoll (lærarrepr.), Lill Beate Sanders (repr. for øvrige tilsette), Tuva Lillenes (elevrådsrepr.) Rebecca Riise Bjerknes (kommunerepr.), Tom Erik Bogen (skrivar og kommunerepr.)

**Sak 1. Konstituering med val av leiar og nestleiar.**
Desse vart vald:
Leiar i SU: Thomas Busker Larsen
Nestleiar i SU: Hege Helland

**Sak 2. Godkjenning av ordensreglane**
Vedtak: Ordensreglane vart godkjende utan endringar

**Sak 3. Informasjon om resultata på nasjonale prøver**
Rektor la fram resultata, møtelyden tok informasjonen til vitande.
**For 8. og 9.klasse** er resultata samla sett gode. Dei viser i kortform at vi med god margin har nådd ei målsetting om å ha færre elevar i meistringsnivå 1 (meistringsnivåa går frå 1 til 5 der 1 er det lågaste). I 8. og 9.klasse er det dette skuleåret ingen elevar i denne skåringsklassa og det er vi godt nøgde med. Samanlikna med Volda kommune, fylket og landet ligg våre elevar i snitt nokre prosentpoeng over i engelsk og lesing, medan vi ligg omtrent på same snitt i rekning.
**For 5.klasse** er resultata noko meir varierande. Eit spesielt positivt resultat fekk vi i engelsk der våre elevar i snitt ligg heile 3 prosentpoeng framfor Volda kommune og 2 prosentpoeng framfor fylkessnittet. I lesing ligg vi omtrent på snittet til både kommune og fylket. Når det gjeld rekning har vi ein veg å gå. Her har vi litt for svake resultat (2 prosentpoeng under) både samanlikna med Volda, fylket og landet, og vi har for mange elevar på meistringsnivå 1, som er det lågaste. Her har vi ein jobb å gjere, både på skulen og de der heime.

**Sak 4. Informasjon frå siste tilstandsrapport (våren 2018)**
Tilstandsrapporten er lagt ved. Noko av informasjonen her gjeld førre skuleår og er såleis historie, men fleire av satsingane vidareførast, og dei resultata vi samla skaper viser at vi driv ein god skule for elevane våre og at dei tilsette trivst på jobb. Møtelyden tok tilstandsrapporten til vitande.

**Sak 5. Informasjon frå skulen om ulike satsingar i Volda kommune**

- **Kommunalt innsatsteam mot mobbing.** Eit godt læringsmiljø er ei viktig satsing som har fått ekstra fokus gjennom at alle lærarane har vore på samling og fått ta del i Erling Roland sine forskingsresultat og metoder for å halde oppe eit godt læringsmiljø og korleis ein handterer situasjonen når mobbing oppstår og blir vanskeleg. Som eit resultat av dette arbeidet har Volda kommune oppretta eit kommunalt innsatsteam mot mobbing. Dette teamet består av personar frå skulane, kommunepsykolog, helsesøster, miljøterapeut og blir leia av Håvard Strand på oppvekstkontoret. Dette teamet, eller berre delar av det er meint å vere ein ressurs i dei sakene som opplevast å vere større og vanskelege å løyse. Skulane skal som tidlegare søkje å løyse sakene sjølve, men har no eit høve til bistand ved spesielle høve.
- **IKT-satsinga går vidare for fullt.** Lærarane i Volda, og på Folkestad skule, har i tur og orden teke litt vidareutdanning innanfor iPad og Google-suite plattformen. I løpet av dette skuleåret vil alle lærarane på skulen ha vore gjennom ein slik runde.
- **Nytt oppvekst-administrativt program.** Dette er enno i innkøyringsfasa, men vil takast i bruk meir og meir. For føresette vil det etter kvart kome ein «app» til mobiltelefonen der ein kan kommunisere med kontaktlærar og skulen som ei meldingsbok. Det vil bli gitt nærare melding og opplæring når den tid kjem. Elles inneheld dataplattforma mange andre funksjonar der ein kort kan nemne: Karakterføring, timeplanlegging, klasselister, fråværsføring, og føring av andre skjema som til dømes skjema for vikartimar m.m.
  På ei sikker sone i denne plattforma vil også alle dokument som skal unntakast offentlegheit, til dømes alt som gjeld spesialundervisning, lagrast.
- **Økonomi:** Rektor orienterte kort om driftsbudsjettet for skulen og stoda så langt i skuleåret. Skulen har som dei andre skulane i Volda eit nøkternt driftsbudsjett der vi må prioritere strengt. Vi opplever likevel at rammene er til å leve med og at elevane får det utstyret, matriellet og bøkene dei treng i skulekvardagen. Budsjettet for 2018 er på det næraste brukt og situasjonen er slik han normalt skal vere på denne årstida.

**Sak 5. Lys mellom hovudvegen og skulen og  ny fiber-internettkabel**

Mørenett skal i desse dagar begynne å legge den nye høgspentkabelen frå Volda. Samtidig med at dette arbeidet blir gjort vil Volda kommune legge ned fiberkabel. Fiberkabelen har alt blitt lagt over fjorden frå Volda og denne skal gravast ned og koplast inn på skulen. I same grøfta vil ein grave ned straumleidning og fundament til lysstolpar mellom busshaldeplassen og skulen. Dette er to viktige saker for skulen som blir realisert no i løpet av vinteren.

**Sak 6. Ymse nr1. Klassedeling neste skuleår på barnesteget**
Det vart stilt spørsmål om neste skuleår og korleis ein tenkjer seg at klassedelinga på barnesteget skal vere. Foreldrerepresentantane meinte at ein bør tenkje grundig gjennom dette slik at ein får gode gruppesamansettingar. Rektor orienterte om at det på grunn av tal på elevar og fordelinga i alder på desse, blir gitt grunnressursar til 3 grupper/klasser på barnesteget. Dei gamle klassedelingsreglane er ikkje forskriftsfesta lenger, men i praksis blir desse framleis brukte når ein skal tildele lærarressursar.
Tala (dei ein veit i dag) for barnesteget neste skuleår (hausten 2019) er slik:

| Klasse | Elevtal |
|---|---|
| 1.klasse | 5 |
| 2.klasse | 2 |
| 3.klasse | 4 |
| 4.klasse | 6 |
| 5.klasse | 5 |
| 6.klasse | 13 |
| 7.klasse | 5 |

Det vart ført argument for at ein bør prioritere å la 1. og 2.klasse vere ei gruppe, 3.,4. og 5.klasse ei gruppe, og 6. og7.klasse ei gruppe. Grunngjevinga for dette forslaget var at den første lese-og skriveopplæringa er viktig og legg grunnlaget for mykje på skulen. Ein meinte derfor at det var viktigast å prioritere at berre 1. og 2.klasse var i ei gruppe, og ikkje 1. 2. og 3.klasse slik vi har det dette skuleåret. Beslutning om dette må gjerast i løpet av våren, og fram til den tid må det vere lov å tenkje høgt og kome med innspel. Det vart ikkje gjort noko vedtak i saka.

**Ymse nr 2. Nytt golvbelegg på 9.klasseromet og personaltoaletta**
Etter den omfattande rehabiliteringa som skjedde gjennom EPC-prosjektet står det berre att å skifte ut nokre få gamle og utslitte govlbelegg frå 1970-talet. Denne saka er meldt inn til eigedomsavdelinga som har sett dette på vedlikehaldsplanen. Dei tek sikte på å få desse belegga skifta i løpet av skuleåret.

Ref: Tom ErikBogen

VOLDA KOMMUNE
FOLKESTAD SKULE
6120 Folkestad tel: 70059620
rektor.folkestad@voldaskulen.no



Folkestad, 10.mai 2018

# Tilstandsrapport 2017-2018

Samla sett har Folkestad skule hatt stabil drift dette skuleåret. Vinteren har likevel bydd på utfordringar ved at vi har vore plaga med ein del sjukdom blant personalet og hatt prosentvis høgt sjukefråvær etter nyttår. Heldigvis har det vore mogeleg å få tak i kvalifiserte vikarar takka vere lærarstudentane på Høgskulen. Det har likevel uunngåeleg vore noko skifte av vikarar på grunn av at studentane må fylgje opp eiga undervisning på Høgskulen og ikkje kan vere lærarvikar over lengre tid.
Medarbeidarsamtalar og elevundersøking viser at elevar og lærarar opplever høg grad av trivsel på skulen. Elevane på Folkestad skule ser ut til å vere i god utvikling både fagleg og sosialt.

## Nasjonale prøver

Resultata viser ein del variasjon, men også at vi er på rett veg. Vi har få elevar på meistringsnivå 1 på barnesteget og få elevar på meistringsnivå 1 og 2 på ungdomssteget. Dette er gledeleg.
På 5.klassesteg var resultata som forventa i engelsk og lesing, men noko lågare enn forventa i rekning. Vi er kjent med og arbeider med desse utfordringane.
For 8. klasse viser resultata at vi ligg noko omtrent på snittet til Volda kommune og fylket i lesing og engelsk og monaleg over snittet i rekning. Ein ting vi er godt nøgde med er at ingen elevar ligg på meistringsnivå 1 i lesing og rekning. Dette er ei viktig målsetjing, og noko som vi delar med alle skulane i Volda kommune.

## Eksamensresultat og grunnskulepoeng

Skriftleg eksamen våren 2017 – Norsk hovudmål : Snittresultatet vart 4,0 som vi må seie oss godt nøgde med. Snittet for landet vart 3,4. Resultatet vart enda betre for norsk sidemål med 4,4 i snitt. Her vart snittet for landet 3,3 . Munnleg eksamen var i naturfag, og her oppnådde vi eit snitt på 4,6. Dette er også høgre enn både kommune-,fylkes- og landssnittet som ligg på høvesvis 4,3 og 4,2 og 4,3.
Samla sett fekk avgangselevane grunnskulepoeng på heile 44,8. Dette er noko av det høgste vi har hatt. Ein viktig grunn er at dette kullet med 10-klassingar var rimeleg sterke fagleg. Eg lurte på om vi kanskje hadde vore noko snille med standpunktkarakterane, men dei sterke eksamensresultata viser at det er hald i vurderingane.
Denne klassa skåra godt på dei nasjonale prøvene i 8. og 9.klasse også, så her kan ein sjå ein klar samanheng i resultata.

## Elevundersøkinga

Resultata for Folkestad skule er samla sett gode.
7.klasse trivst godt på skulen, men har ein svak tilbakegang over tid på spørsmåla om «meistring» og «felles reglar». Dette vil vi drøfte nærare for å sjå om det er noko vi bør og kan forbetre.
For 10.klasse er resultatet godt, men noko lågare enn fjorårets resultat på nesten alle kategoriane. På kategorien «trivsel» er scoren 3,9 og det er første gong vi har hatt ein verdi under 4-talet her. Vi har gjennom året hatt nokre heilt spesielle utfordringar i denne klassa som eg trur speglar seg att i elevundersøkinga.

## Læringsmiljø

Eit særs viktig arbeid er skulen sitt førebyggjande arbeid mot mobbing, og her  legg vi mykje innsats i å følgje opp skulen sin plan for eit godt skulemiljø. Gode reglar for åtferd i klassene, tydelege vaksne som viser omsorg og gode vaktordningar er viktige element i denne planen. Arbeidet vårt består i å følgje opp dei gode tiltaka som ligg i planen. Også hos oss skjer krenkingar elevane imellom og tilløp til mobbing, men vi gjer vårt beste for å stoppe dette umiddelbart og arbeide med læringsmiljøet kontinuerleg. Etter at den nye forskrifta med aktivitetsplikt vart gjeldande frå august, har vi også fått prøve ut korleis dette virkar gjennom nokre saker der det måtte skrivast og gjennomførast ein handlingsplan etter §9a.

### Musikalen og 10.klasse som gode føredøme

10.klasse framfører kvart år ein musikal som dei sjølv legg mykje arbeid og ære i. Gjennom måten dei opptrer og energien dei legg ned er 10.klassingane gode føredøme for dei yngre elevane.
Dei andre elevane ser korleis dei eldste i samarbeid løyser utfordringane og ser veldig opp til 10.klasse. Dette prosjektet er derfor eit døme på godt førebyggjande arbeid mot mobbing.






## Nye digitale verktøy

Dette skuleåret har Volda kommune teke eit stort steg i å vidareutvikle skulane og barnehagane digitalt. Gjennom store investeringar i infrastruktur, iPadar og chromebooks til elevar og lærarar og kompetanseheving for mange tilsette har vi fått eit etterlengta løft på IKT-sida.
Men det har vore utfordrande fordi Folkestad skule og skulane forøvrig opplevde varierande grad av frustrasjonar knytt til innføringa av SSIKT-nettverket. Grunnen til frustrasjonane var kanskje at mange hadde ei forventning om at overgangen til det nye systemet skulle fungere knirkefritt og sømlaust. I staden opplever vi at det tek lang tid før ting fungerer skikkeleg.  Ein har erkjent at ein undervurderte kor omfattande og arbeidskrevjande det var å få 8 grunnskular, 7 barnehagar og kommuneadministrasjonen inn i eit nytt nettverk der mykje skulle servast frå Hareid. Supporttenesten skulle overta dei fleste av oppgåvene til IKT-ansvarlege på dei ulike skulane, og dette var ikkje supporttenesten dimensjonert for.
Men det er ingen veg tilbake. Vi må berre køyre på vidare. Ein må knuse nokre egg for å lage ein omelett.  Den digitale verden har kome for å bli, og Volda kommune har gjort eit IKT-kvantesprang i skulen. Undervisninga for borna våre vil aldri bli den same etter innføringa av nettverk, iPad og google-suite. Lærarane på Folkestad applauderer i stor grad det som har skjedd og det skjer store og positive endringar digitalt i klasseroma gjennom læringsplattformen i Google og flotte lærings-appar på iPad.

## Vurdering for læring

Vi er inne i det siste året i satsinga på vurdering for læring, og dette året har fokus mykje vore på korleis vi brukar dei nye digitale verktøya våre for å oppnå god læring. Både iPad og chromebook gir høve til direkte individuell tilbakemelding på arbeid som elevane gjer, og dette har vist seg motiverande for både elevar og lærarar. Det gir også god læring at elevane på ein enkel måte kan få vist og kommentert sitt arbeid på storskjerm i klassen. Dette året har nye appar vorte prøvd ut og vi er framleis i utprøvingsfasen med chromebooksane. Litt snublefot har det vore både teknisk og pedagogisk, men alt no ser vi at dei nye verktøya gir og vil gi læraren høve til å følgje opp elevane betre og meir effektivt enn tidlegare.

## EPC-prosjektet og nærmiljøanlegget

Dette skuleåret har det blitt gjort store investeringar på Folkestad skule. Først og fremst gjennom enøk-satsinga til Volda kommune som har bidrege til ei investering på om lag 2,5 millionar på skulen. Vi har fått gjennomført ei heilt nødvendig utskifting av trekkfulle vindauge og dører, installert varmepumper og nytt ventilasjonsanlegg i symjehallen, og i det heile har skulen fått eit skikkeleg løft.

I tillegg kjem investeringane som er gjort på uteområdet i det nye nærmiljøanlegget til om lag kr.300.000,-. Gjennom stor dugnadsinnsats frå foreldre, finansiell og praktisk hjelp frå kommunen, foreldrebidrag, støtte frå Sparebank1, Marine Harvest og spelemidlar, er vi no i ferd med å kome i mål. Det er berre å ta turen til Folkestad for å prøve Voldas beste trampoline!





Tom Erik Bogen
rektor

**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** **Ungdomsrådet**
**Møtestad:** **Rådhuset**
**Dato:** **17.10.2018**
**Tid:** **16:00 til 19:35**

Faste medlemer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Adele S. B. Enerhaug | Medlem | Volda ungd. |
| Ine B. Osvoll | Medlem | Volda ungd. |
| Olve Eide Brattli | Medlem | Volda ungd. |
| Vebjørn K. Koppernes | Medlem | Austefjord ungd. |
| Noa Gjerseth | Medlem | Folkestad ungd. |
| Agnes Myren | Medlem | Dalsfjord ungd. |
| Veronica Wilhelmsen | Nestleiar | Volda vgs. |
| Elias Eide Brattli | Leiar | Volda vgs. |
| Mari Ims Lied | Medlem | Ungdomsklubben |
| Amalie Løset | Medlem | Lag og org. |
| Sigurd Tverberg | Medlem | Lag og orgl |

Faste medlemer som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Åshild Vik | Politisk fadder | |

Varamedlemer som møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| May-Lisbet Lande | Koordinator |

Amalie Løset gjekk frå møte kl. 17:55

VOLDA KOMMUNE

# SAKLISTE


| Saksnr. | Sak | Side |
|---|---|---|
| | **SAKER TIL HANDSAMING** | |
| PS 25/18 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** | |
| PS 26/18 | **Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte** | |
| PS 27/18 | **Val av leiar og nesteleiar for Volda ungdomsrådet 2018-2019** | 4 |
| PS 28/18 | **Ungdomsklubben - føretrekt lokalisering** | 10 |
| PS 29/18 | **Rådgivningstjenesten - yrkesfaglige linjer. Oppmoding frå ungdomspanelet** | 11 |
| OS 1/18 | **Rettleiar for leike- og aktivitetsområde** | 13 |
| OS 2/18 | **Orientering - ny koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker** | 50 |
| OS 3/18 | **Til orientering – Mobbeombod** | 54 |


Ymse

- Orientering om vervet i ungdomsrådet jfr. vedtekter og møtereglement.
  ***Koordinator orienterte.***

- Fredag 26. oktober er det tid for den årlege fellessamlinga for ungdomsråda på Søre Sunnmøre. I år er den i Fosnavåg. Info om program og detaljar om reisa vert truleg klart til møtet.
  ***Det vert bestilt buss til samlinga, oppmøte på busshaldeplassen i Volda i god tid før kl. 08:15. Retur omgåande etter at samlinga er slutt. 1. og 2. vara vert invitert med til samlinga.***

# VOLDA KOMMUNE

## SAKER TIL HANDSAMING

### PS 25/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Røysting**:
Samrøystes godkjend

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2018**

***Samrøystes godkjend***

### PS 26/18 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

**Røysting**:
Samrøystes godkjend

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2018**

Samrøystes godkjend

### PS 27/18 Val av leiar og nesteleiar for Volda ungdomsrådet 2018-2019

**Handsaming:**

Det melde seg 2 kandidatar til vervet som leiar.
Ved avrøysting fekk Elias Eide Brattli 7 mot 4 stemmer og vart valt som leiar.

Det melde seg 2 kandidatar til vervet som nestleiar.
Ved avrøysting fekk Veronica Wilhelmsen 9 mot 2 stemmer og vart valt som nestleiar.

Av omsyn til kandidatane vert det ikkje gjengitt deltaljar kring valet i protokollen.

**Røysting**:
Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2018**

***Elias Eide Brattli er valt som leiar***

***Veronica Wilhelmsen er valt som nestleiar***

**Administrasjonen si tilråding:**
**______________________________________er valt som leiar**

**______________________________________er valt som nestleiar**

## PS 28/18 Ungdomsklubben - føretrekt lokalisering

**Handsaming:**

Saka om lokale til ungdomsklubben er viktig for ungdomsrådet og skapte som vanleg stort engasjement.

Fleire av medlemane i rådet har vore med på fleire behandlingar av saka. Tidlegare vedtak vart tatt fram og sett på for å friske opp historikken og for å orientere nye medlemar.
Ein har tidlegare hatt sak med tilbod om lokale på stadion og ungdomsrådet gjorde eit positivt vedtak i den samanheng. No har det komt inn tilbod om lokale på Samfunnshuset, orientering om dette har leiar i rådet fått, dei andre veit lite om saka.

Under diskusjonen kom der også fram at ein rapport som leiar for ungdomsklubben har skrive ikkje er lagt fram for ungdomsrådet, dette vert sett på som særs kritikkverdig.

Etter grundig diskusjon og der alle medlemane har fått uttalt seg ser ein det naudsynt å utsette saka og be om meir informasjon.

- Ungdomsrådet utsett saka og ber om at eit nytt «hastemøte» vert satt opp der kunn saka om lokale til ungdomsklubben vert handsama. Ein har kjennskap til at saka skall opp til handsaming i kommunestyret 8. november og at det er ynskjeleg med ein uttale frå ungdomsrådet til dette.

- På møtet ynskjer ungdomsrådet informasjon om planane til lokale på stadion og på samfunnshuset. Ein ynskjer å invitere ressurspersonar som har kjennskap til sakene til å informere på møtet.

- Ungdomsrådet meinar at det er kritikkverdig at rapporten som klubbleiar har skrive om ungdomsklubb ikkje er førlagt ungdomsrådet og ber om at den omgåande vert sett på sakskartet til handsaming.

**Røysting**:
Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2018**

***Etter grundig diskusjon og der alle medlemane har fått uttalt seg ser ein det naudsynt å utsette saka og be om meir informasjon.***

- ***Ungdomsrådet utsett saka og ber om at eit nytt «hastemøte» vert satt opp der kunn saka om lokale til ungdomsklubben vert handsama. Ein har kjennskap til at saka skall opp til handsaming i kommunestyret 8. november og at det er ynskjeleg med ein uttale frå ungdomsrådet til dette.***

- ***På møtet ynskjer ungdomsrådet informasjon om planane til lokale på stadion og på samfunnshuset. Ein ynskjer å invitere ressurspersonar som har kjennskap til sakene til å informere på møtet.***

- ***Ungdomsrådet meinar at det er kritikkverdig at rapporten som klubbleiar har skrive om ungdomsklubb ikkje er førlagt ungdomsrådet og ber om at den omgåande vert sett på sakskartet til handsaming.***

**Administrasjonen si tilråding:**

- *Ungdomsklubben bør primært vere lokalisert til Volda sentrum.*
- *Det nye kulturhuset er ei føretrekt lokalisering for ungdomsklubben.*

**PS 29/18 Rådgivningstjenesten - yrkesfaglige linjer. Oppmoding frå ungdomspanelet**

**Handsaming:**

Saka vart diskutert i rådet og etter ein grundig diskusjon kom ein fram til fyljande punkt som ein sender som svar til ungdomspanelet:

- 10. klassingar føler eit press under prosessen med vidare skuleval «dokke må velje rett no dette gjeld framtida dokka».
- Karrieredagene som vert arrangert årleg fungerer godt og gir god informasjon.
- 10. klasse kan velje å hospitere på ein vidaregåande skule. Valet kan gjelde 2 linjer med ein dag på kvar linje. Dette fungerer godt.
- Ein opplever å høre fleire negative merknadar til yrkesfag val. Lærarane er indirekte.
- Ein skule har utdanningsval  ein time frå 8. til 10. klasse. Timen blir lett brukt til andre fag.
- Kontaktlærar kan gi gode individuelle råd til elvane men bør være bevist på makt og haldning.
- Rådgivar har stor makt og stor påverknad.
- Fleire meinar dei ser lite til rådgivar, har opa dør meir blir sett på som lite tilgjengeleg.

**Røysting**:
Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2018**

***Ungdomsrådet i Volda har fyljande merknader til brev frå ungdomspanelet – «Rådgivningstjenesten - yrkesfaglige linjer»***

- ***10. klassingar føler eit press under prosessen med vidare skuleval «dokke må velje rett no dette gjeld framtida dokka».***
- ***Karrieredagane som vert arrangert årleg fungerer godt og gir god informasjon.***
- ***10. klasse kan velje å hospitere på ein vidaregåande skule. Valet kan gjelde 2 linjer med ein dag på kvar linje. Dette fungerer godt.***
- ***Ein opplever å høre fleire negative merknadar til yrkesfag val. Lærarane er indirekte.***

- ***Ein skule har utdanningsval ein time frå 8. til 10. klasse. Timen blir lett brukt til andre fag.***
- ***Kontaktlærar kan gi gode individuelle råd til elvane men bør være bevist på makt og haldning.***
- ***Rådgivar har stor makt og stor påverknad.***
- ***Fleire meinar dei ser lite til rådgivar, har opa dør meir blir sett på som lite tilgjengeleg.***

**Administrasjonen si tilråding:**
*Saka vert lagt fram utan tilråding*

**OS 1/18 Rettleiar for leike- og aktivitetsområde**

**Handsaming:**

Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande og synest rapporten har fleire gode moment

**Røysting**:
Samrøystes vedteken

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2018**

***Ungdomsrådet tek orienteringa til vitande og synest rapporten har fleire gode moment***

**OS 2/18 Orientering - ny koordinator for ivaretaking av barn og unge sine interesser i plansaker**

**Handsaming:**

Ungdomsrådet orienteringa til vitande

**Røysting**:
Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2018**

***Ungdomsrådet orienteringa til vitande***

**OS 3/18 Til orientering - Mobbeombod**

**Handsaming:**

Tek orienteringa til vitande.

Det er veldig flott at både fylket og kommunen har fått mobbeombod. Veldig greitt at ein har namngitte personar ein kan kontakte i slike høve.

# VOLDA KOMMUNE

**Røysting**:
Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2018**

***Ungdomsrådet orienteringa til vitande***

Møte slutt 19:35

Rett utskrift 18.10.18
Volda kommune, Kultur og service

May-Lisbet Lande
Koordinator

**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| **Utval:** | **Ungdomsrådet** |
| **Møtestad:** | **Rådhuset** |
| **Dato:** | **29.10.2018** |
| **Tid:** | **16:00 til 20:05** |

Faste medlemer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Elias Eide Brattli | Leiar | Volda vgs. |
| Olve Eide Brattli | Medlem | Volda ungd. |
| Veronica Wilhelmsen | Nestleiar | Volda vgs. |
| Vebjørn Korsnes Koppernes | Medlem | Austefjord ungd. |
| Agnes Myren | Medlem | Dalsfjord ungd. |
| Noa Gjerseth | Medlem | Folkestad ungd. |
| Mari Ims Lied | Medlem | Ungdomsklubben |
| Adele S. B. Enerhaug | Medlem | Volda ungd. |
| Sigurd Tverberg | Medlem | Lag og org. |
| Amalie Løseth | Medlem | Lag og org. |

Faste medlemer som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Ine B. Osvoll | Medlem | Volda ungd. |
| Åshild Vik | Politisk fadder | |

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Jørgen Amdam | Ordførar |
| Sølvi Dimmen | Vara ordførar |
| Inger-Johanne Johnsen | Leiar kultur og service |

Sigurd Tverberg forlog møtet kl. 18:05. Ein vart då 10 røysteføre.

VOLDA KOMMUNE

# SAKLISTE



| Saksnr. | Sak | Side |
|---|---|---|
| | **SAKER TIL HANDSAMING** | |
| PS 30/18 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** | |
| PS 31/18 | **Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte** | |
| PS 32/18 | **Kartlegging ungdomsklubb- ungdomsarbeid** | 4 |
| PS 33/18 | **Ungdomsklubben - føretrekt lokalisering** | 17 |



- Jan Henning Egset orienterer om planane for lokale til ungdomsklubben på Samfunnshuset.
  ***Egset gav ei grundig orientering om utbygging av samfunnshuset til nytt kulturhus i Volda og om arealet som er tenkt til ungdomsklubb.***

- Ordfører Jørgen Amdam, varaordførar Sølvi Dimmen og sektorleiar Inger-Johanne Johnsen deltek på møte.
  ***Ordføraren orienterte om økonomien i høve saka og utfordringar kommuna står overfor i komande år.***

- Leiar for ungdomsklubben Tone Rustestuen vert invitert til møte.
  ***Rustestuen hadde ikkje høve til å møte***

- Peter Bjørneset blir invitert til å fortelje om korleis det var å være ungdom på TeleBygget ungdomshus.
  ***Bjørneset viste ein bildepresentasjon og fortalde om tida han var ungdom på TeleBygget ungdomshus***

- Det vart vist ein filmar frå då ungdomsklubben var i kjellaren på Volda ungdomsskule.

- ***Ungdomsrådet hadde invitert prosjektgruppa frå stadionparken til å orientere om planane dei har for bygging av eit til mellom anna ungdomsklubben.***
  ***Gunnar Andenes og Askjell Våge møtte og la fram planane***

# VOLDA KOMMUNE

## SAKER TIL HANDSAMING

### PS 30/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Røysting**:
Samrøystes godkjent

**Vedtak i Ungdomsrådet - 29.10.2018**

***Samrøystes godkjent***

### PS 31/18 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

**Røysting**:
Samrøystes godkjent

**Vedtak i Ungdomsrådet - 29.10.2018**

***Samrøystes godkjent***

### PS 32/18 Kartlegging ungdomsklubb- ungdomsarbeid

**Handsaming:**

Ungdomsrådet tek saka til vitande

**Røysting**:
Samrøystes godkjent

**Vedtak i Ungdomsrådet - 29.10.2018**

***Ungdomsrådet tek saka til vitande***

**Handsaming:**

*Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) meiner at rapporten om ungdomsaktivitet utarbeida av klubbleiar viser at det utan tvil er behov for ein ungdomsklubb i Volda. TOK sender saken vidare til formannskapet for handsaming med oppmoding om å finne rom for ungdomsklubb i budsjett 2019.*

**Røysting**:
Seks røysteføre.
Rapporten vart samrøystes teken til vitende.
Framlegget frå TOK vart samrøystes vedteke.

**Samrøystes vedtak i Tenesteutval for oppvekst og kultur - 12.09.2018**

***Rapport om ungdomsaktivitet vart teken til vitende.***

# VOLDA KOMMUNE

***Tenesteutval for oppvekst og kultur (TOK) meiner at rapporten om ungdomsaktivitet utarbeida av klubbleiar viser at det utan tvil er behov for ein ungdomsklubb i Volda. TOK sender saken vidare til formannskapet for handsaming med oppmoding om å finne rom for ungdomsklubb i budsjett 2019.***

**Administrasjonen si tilråding:**
***Rapporten blir tatt til vitande***

**PS 33/18 Ungdomsklubben - føretrekt lokalisering**

**Handsaming:**

Saka var svært vanskeleg å ta stillinga til. Dei inviterte gjestane gav ei god innføring i dei ulike tilboda.

Det vart gjennomført fleire prøverøystingar før ungdomane meinte dei var klare til å ta ei endeleg avgjerd.

Etter grundig diskusjon kom ein fram til fyljande forslag etter framlegg frå nestleiar Veronica Wilhelmsen:

«Ungdomsrådet stiller seg bak og støttar ungdomsklubb på nye samfunnshuset.
Lokala skal fult og heilt nyttast og styrast av ungdom. Lokala skal vere 100% rusfrie. Vi presiserer at klubblokala ikkje under nokon omstendigheiter skal bli brukt til formål som hindrar klubbaktivitet»

**Røysting**:
Under avrøysting vart det først røyste over lokale til ungdomsklubben på stadion eller på nye samfunnshuset. Lokale på samfunnshuset fekk 6 stemmer mot 3 stemmer for lokale på stadion.

Forslaget frå Wilhelmsen vart framlagt og vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i Ungdomsrådet - 29.10.2018**

***Ungdomsrådet stiller seg bak og støttar ungdomsklubb på nye samfunnshuset.***
***Lokala skal fult og heilt nyttast og styrast av ungdom. Lokala skal vere 100% rusfrie.***
***Vi presiserer at klubblokala ikkje under nokon omstendigheiter skal bli brukt til formål som hindrar klubbaktivitet.***

**Handsaming:**

Saka om lokale til ungdomsklubben er viktig for ungdomsrådet og skapte som vanleg stort engasjement.

Fleire av medlemane i rådet har vore med på fleire behandlingar av saka. Tidlegare vedtak vart tatt fram og sett på for å friske opp historikken og for å orientere nye medlemar.
Ein har tidlegare hatt sak med tilbod om lokale på stadion og ungdomsrådet gjorde eit positivt vedtak i den samanheng. No har det komt inn tilbod om lokale på Samfunnshuset, orientering om dette har leiar i rådet fått, dei andre veit lite om saka.

Under diskusjonen kom der også fram at ein rapport som leiar for ungdomsklubben har skrive ikkje er lagt fram for ungdomsrådet, dette vert sett på som særs kritikkverdig.

Etter grundig diskusjon og der alle medlemane har fått uttalt seg ser ein det naudsynt å utsette saka og be om meir informasjon.

- Ungdomsrådet utsett saka og ber om at eit nytt «hastemøte» vert satt opp der kunn saka om lokale til ungdomsklubben vert handsama. Ein har kjennskap til at saka skall opp til handsaming i kommunestyret 8. november og at det er ynskjeleg med ein uttale frå ungdomsrådet til dette.

- På møtet ynskjer ungdomsrådet informasjon om planane til lokale på stadion og på samfunnshuset. Ein ynskjer å invitere ressurspersonar som har kjennskap til sakene til å informere på møtet.

- Ungdomsrådet meinar at det er kritikkverdig at rapporten som klubbleiar har skrive om ungdomsklubb ikkje er førlagt ungdomsrådet og ber om at den omgåande vert sett på sakskartet til handsaming.

**Røysting**:
Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 17.10.2018**

***Etter grundig diskusjon og der alle medlemane har fått uttalt seg ser ein det naudsynt å utsette saka og be om meir informasjon.***

- ***Ungdomsrådet utsett saka og ber om at eit nytt «hastemøte» vert satt opp der kunn saka om lokale til ungdomsklubben vert handsama. Ein har kjennskap til at saka skall opp til handsaming i kommunestyret 8. november og at det er ynskjeleg med ein uttale frå ungdomsrådet til dette.***

- ***På møtet ynskjer ungdomsrådet informasjon om planane til lokale på stadion og på samfunnshuset. Ein ynskjer å invitere ressurspersonar som har kjennskap til sakene til å informere på møtet.***

- ***Ungdomsrådet meinar at det er kritikkverdig at rapporten som klubbleiar har skrive om ungdomsklubb ikkje er førlagt ungdomsrådet og ber om at den omgåande vert sett på sakskartet til handsaming.***

**Administrasjonen si tilråding:**

- *Ungdomsklubben bør primært vere lokalisert til Volda sentrum.*
- *Det nye kulturhuset er ei føretrekt lokalisering for ungdomsklubben.*

Møte slutt kl. 20:05

Rett utskrift 30.10.18
Volda kommune, Kultur og service

May-Lisbet Lande
Koordinator

**VOLDA KOMMUNE**

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ungdomsrådet
**Møtestad:** Austefjord rom nr. 113, Rådhuset
**Dato:** 20.11.2018
**Tid:** 16:00 til 16:40

Faste medlemer som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Adele S.B Enerhaug | Medlem | Volda ungd. |
| Elias Eide Brattli | Leiar | Volda vgs. |
| Sigurd Tverberg | Medlem | Lag og org. |
| Olve Eide Brattli | Medlem | Volda ungd. |
| Veronica Wilhelmsen | Nestleiar | Volda vgs. |
| Vebjørn Korsnes Koppernes | Medlem | Austefjord ungd. |
| Noa Gjerseth | Medlem | Folkestad ungd. |

Faste medlemer som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Mari Ims Lied | Medlem | Ungdomsklubben |
| Agnes Myren | Medlem | Dalsfjord ungd. |
| Amalie Løset | Medlem | Lag og org. |
| Ine Osvoll | Medlem | Volda ungd. |
| Åshild Vik | Politisk fadder | |

Varamedlemer som møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| May-Lisbet Lande | koordinator |

**VOLDA KOMMUNE**

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak | Arkivkode |
|---|---|---|
| | **SAKER TIL HANDSAMING** | |
| PS 34/18 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** | |
| PS 35/18 | **Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte** | |
| PS 36/18 | **Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022** | 151 |

# VOLDA KOMMUNE

## SAKER TIL HANDSAMING

### PS 34/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

**Røysting**:
Samrøystes godkjend

**Vedtak i Ungdomsrådet - 20.11.2018**

***Samrøystes godkjend***

### PS 35/18 Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte

**Røysting**:
Samrøystes godkjend

**Vedtak i Ungdomsrådet - 20.11.2018**

***Samrøystes godkjend***

### PS 36/18 Årsbudsjett 2019 - Økonomiplan 2019-2022

**Handsaming:**

Etter forslag frå leiar Elias Eide Brattli kom ein fram til fyljande:

Sett frå eit ungdommeleg perspektiv viser vi til side 69 i saksdokumentet, dei fire første punkta:
* Rehabilitering/tilbygg Volda ungdomsskule
* Kino og kultursal
* Idrettshall
* Svømmehall
Tek ein med lokale til ungdomsklubben i kulturhuset er dette dei viktigaste område for ungdomen.
Elles tek ungdomsrådet saka til vitande

**Røysting**:
Samrøystes vedteke

**Vedtak i Ungdomsrådet - 20.11.2018**

***Sett frå eit ungdommeleg perspektiv viser vi til side 69 i saksdokumentet, dei fire første punkta:***
**** Rehabilitering/tilbygg Volda ungdomsskule***
**** Kino og kultursal***
**** Idrettshall***
**** Svømmehall***
***Tek ein med lokale til ungdomsklubben i kulturhuset er dette dei viktigaste område for ungdomen.***
***Elles tek ungdomsrådet saka til vitande***

# VOLDA KOMMUNE

**Administrasjonen si tilråding:**

**Saka vert lagt fram utan tilråding**

Møte slutt kl. 16:40
Rett utskrift 20.11.18

Volda kommune, Kultur og service

May-Lisbet Lande
Koordinator

# VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | Ulrik Vik Nakken | Arkivsak nr.: | 2012/2537 |
| | | Arkivkode: | F03 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 13/19 | Tenesteutval for oppvekst og kultur | 30.01.2019 |
| | Tenesteutval for helse og omsorg | |

## ORIENTERING OM VOLDA KOMMUNE SI DELTAKING I UNGDATAUNDERSØKINGA 2019

Volda kommune planlegg å ta del i Ungdataundersøkinga våren 2019. I Volda blei undersøkinga gjennomført for fyrste gong i 2013 og for andre gong i 2017. Ungdata er eit kvalitetssikra system for gjennomføring av lokale spørjeskjemaundersøkingar blant elevar på ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Gjennom kartlegging av den lokale oppvekstsituasjonen er Ungdata godt eigna som grunnlag for kommunalt plan- og utviklingsarbeid knytt til folkehelse og førebyggande arbeid overfor ungdom. Helsedirektoratet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet har støtta utviklinga av Ungdata økonomisk. Ungdata finansierast frå 2015 over statsbudsjettet. Det er Norsk institutt for forsking om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og dei regionale kompetansesentra for rusfeltet (KoRus) som har det faglege ansvaret for undersøkinga, medan kommunen står for den praktiske gjennomføringa. Undersøkinga går føre seg i skuletida, og elevane svarer på spørsmåla elektronisk ved å logge seg inn via ei nettside. For Volda kommune er det folkehelsekoordinatoren som har ansvaret for å oppfylle pliktane til kommunen i ungdatasamarbeidet.

**Vedleggsliste:**
Invitasjon til Ungdataundersøkinga 2019 – Med oppfordring frå Folkehelsekoordinator

**Uprenta saksvedlegg:**
www.ungdata.no

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Per Ivar Kongssvik
Oppvektssjef

Ulrik Vik Nakken
Folkehelsekoordinator

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no]
Sendt: 03.10.2018 10:39:40
Til: Postmottak Volda
Kopi: Per Ivar Kongsvik; Svein Berg-Rusten
Tittel: Fwd: VS: Invitasjon til Ungdataundersøkinga 2019

---

Journalførast på oppvekst med kopi til folkehelsekoordinator og helse/omsorgssjef.

Mvh

Rune

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

-------- Opprinnelig melding --------
Fra: Ulrik Vik Nakken <ulrik.vik.nakken@volda.kommune.no>
Dato: 02.10.2018 11:12 (GMT+01:00)
Til: Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>
Ko: Lene Nupen <Lene.Nupen@volda.kommune.no>, Per Ivar Kongsvik <Per.Ivar.Kongsvik@volda.kommune.no>, Svein Berg-Rusten <svein.berg-rusten@volda.kommune.no>, Mona Helen Kile <mona.kile@volda.kommune.no>
Emne: VS: Invitasjon til Ungdataundersøkinga 2019

Hei,

Viser til vår samtale sist uke om Ungdataundersøkinga 2019.

Vi har fått invitasjon fra Kompetansesenter rus – Midt-Norge (KoRus) til å delta i Ungdataundersøkinga 2019. KoRus ønskjer å gjennomføre undersøkinga områdevis i fylket år for år. I 2019 planlegg dei å gjennomføre undersøkinga på Søre Sunnmøre. Dette skyldast at førre deltaking for fem av sju kommunar i «Sjustjerna» var i 2016 (KoRus og NOVA tilrår at undersøkinga gjennomførast kvart tredje år. På denne måten får alle ungdomar svare på undersøkinga ein gong på ungdomsskulen og eventuelt ein gong på vidaregåande skule). I Volda blei undersøkinga gjennomført for fyrste gong i 2013 og for andre gong i 2017. Optimalt sett burde undersøkinga i Volda vore gjennomført i 2016 og eg er usikker på kva som er årsaken til at Volda ikkje gjennomførte undersøkinga i 2016. Spørsmålet no er om vi skal delta allereie i 2019 eller om vi skal vente til 2020 slik at det blir tre år mellom undersøkinga i 2017 og 2020. Ved å delta 2019 blir det kun to års mellomrom mellom undersøkinga i 2017 og i 2019, men vi kjem derimot inn i same syklus som dei andre kommunane i «Sjustjerna» og vil få tilbod kvart 3. år om å delta i undersøkinga av KoRus.

Eg ser det som fordelaktig å delta samtidig som dei andre kommunane i «Sjustjerna» og tilrår at vi deltar på Ungdataundersøkinga i 2019. Som det står i e-posten frå KoRus er hensikta med å gjennomføre undersøkinga områdevis å legge til rette for samarbeid på tvers av kommunegrenser, og å forenkle og effektivisere oppfølginga av kommunane. Eg ser også for meg at det vil vere lettare å følgje opp funna i undersøkinga dersom vi deltek samtidig som dei andre kommunane på Søre Sunnmøre. Eg har vore i kontakt med Kolbjørn Gjære i KoRus og fått vite at Sande, Ulstein, Hareid, Vanylven og Ørsta har takka ja til å delta i undersøkinga i 2019. Herøy og Volda har ikkje svart enno, men eg har hatt fortløpande dialog med Gjære i KoRus den siste veka. Han tilrådde meg å få ei skriftlig avklaring frå deg som rådmann før vi takka ja til å delta i Ungdataundersøkinga til våren. Dette er altså årsaken til at eg sender deg denne e-posten. Eg har tidlegare diskutert deltaking i Ungdataundersøkinga 2019 med oppvekstsjefen og assisterande oppvekstsjef (som stod for gjennomføringa ved førre undersøking) samt med kommuneoverlegen og min næraste leiar. Dei er alle positiv innstilt til å delta i 2019. Eg ber no om di tilråding.

Med vennleg helsing

***Ulrik Vik Nakken***
*Folkehelse- og frisklivskoordinator*
*Førebygging, rehabilitering og legeteneste*

*Mobil 91729469*
*www.volda.kommune.no*

**Fra:** Sonja Håvik **På vegne av** Postmottak Volda
**Sendt:** 16. august 2018 15:44
**Til:** Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>; Jørgen Amdam <jorgen.amdam@volda.kommune.no>; Ulrik Vik Nakken <ulrik.vik.nakken@volda.kommune.no>
**Emne:** VS: Invitasjon til Ungdataundersøkinga 2019

**Fra:** Gjære, Kolbjørn <Kolbjorn.Gjere@stolav.no>
**Sendt:** 16. august 2018 14:56
**Til:** Postmottak Vanylven <postmottak.vanylven@vanylven.kommune.no>; Postmottak Volda <postmottak@volda.kommune.no>; Ørsta postmottak <postmottak@orsta.kommune.no>; Sande Kommune <sande.kommune@sande-mr.kommune.no>; Ulstein Postmottak <postmottak@ulstein.kommune.no>; Postmottak Herøy <postmottak.heroy@heroy.kommune.no>; Postmottak Hareid <postmottak@hareid.kommune.no>
**Emne:** Invitasjon til Ungdataundersøkinga 2019

Hei!
*Ber om at denne eposten blir formidla til ordførar, administrasjon v/rådmannen og til folkehelsekoordinator/folkehelseansvarleg.*

## Invitasjon til å delta i Ungdataundersøkinga 2019

Kompetansesenter rus – Midt-Norge (KoRus) ønskjer med dette å invitere kommunane på Søre Sunnmøre til å gjennomføre Ungdataundersøkinga februar – mars 2019. Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring (NOVA) og dei regionale kompetansesentra for rusfeltet (KoRus) har det faglege ansvaret for undersøkinga, medan kommunane står for den praktiske gjennomføringa. Ettersom undersøkinga frå før er blitt gjennomført i alle kommunane på Søre Sunnmøre, skulle ho vere velkjend som kartleggingsverktøy i folkehelsearbeidet. Om muleg endå meir aktuell er undersøkinga blitt i samband med Program for folkehelsearbeid i kommunene 2017-2027. I den fylkeskommunale planen for rusarbeid i vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal er det elles ei målsetjing at dei vidaregåande skulane samarbeider med kommunane om kartleggingsverktøy som Ungdata.

Seksjon Møre og Romsdal i Kompetansesenter rus – Midt-Norge ønskjer å gjennomføre undersøkinga områdevis i fylket år for år. Hensikta er å legge til rette for samarbeid på tvers av kommunegrenser, og å forenkle og effektivisere oppfølginga av kommunane. På våren/forsommaren 2019 vil vi innby dei deltakande kommunane til ei fellessamling med orientering om og diskusjon av situasjonen på rusområdet. Vidare vil tilby lokale oversiktsseminar hausten 2019. Med utgangspunkt i statistikk og lokal kunnskap blir det her høve til å drøfte utfordringar på rusområdet, erfaringar med eksisterande tiltak og kva behov det er for nye tiltak. Og KoRus vil informere om utviklingsarbeid som vi kan bistå med.

Det kan tenkjast at dei to kommunane som gjennomførte undersøkinga så seint som i 2017, ser det som lite ønskjeleg å køyre undersøkinga på nytt i 2019. Vi vil understreke at det er opp til den enkelte kommunen å avgjere om – og når – undersøkinga skal gjennomførast, og det er ikkje noko i vegen for å samanlikne tal og rapportar frå 2017 med ferske tal frå 2019. Men det vil nok vere fordelar med å gjennomføre undersøkinga samla i 2019, både på kort og lenger sikt. Etter planen vil vi tilby neste undersøking på Søre Sunnmøre i 2022.

Ei rettleiing om planlegging og gjennomføring av undersøkinga er å finne på **Ungdata.no**. Om rapportering og vidare bruk av data, sjå **her**. **Vi vil oppmode kommunen om å gi ei tilbakemelding på spørsmålet om deltaking, ønskjeleg tidspunkt og aktuelle skuleslag så snart som råd, og innan 1.10.2018.**

For komande året vil KoRus elles tilby to kommunar i fylket å gjennomføre Ungdata Junior-undersøkinga. Denne spørjeskjemaundersøkinga rettar seg mot elevar i 5. – 7. klassesteg og har ein god del til felles med Ungdata. Kommunar på Søre Sunnmøre må gjerne melde si interesse.

Med vennleg helsing

**Kolbjørn Gjære • Rådgivar**
Kompetansesenter rus - Midt-Norge
ST. OLAVS HOSPITAL HF | KLINIKK FOR RUS- OG AVHENGIGHETSMEDISIN
☎ +47 950 34 148 ✉ kolbjorn.gjere@stolav.no 🌍 http://www.stolav.no/korus